

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2014/137

Arkivkode: 020

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
220/14	Formannskapet	02.12.2014
164/14	Kommunestyret	18.12.2014

## KOMMUNEREFORMA- STRATEGI FOR DET VIDARE ARBEIDET

### *Handsaming i kommunestyret:*

Hjalmar Eiksund kom no, og det var såleis 27 røysteføre til stades i framhald av møtet.

### **Røysting:**

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

### *Vedtak i Kommunestyret - 18.12.2014*

- 1. Volda kommunestyre sluttar seg til lokal prosess om kommunereforma slik det er skissert i saksutgreiinga.*
- 2. Volda kommunestyre gir lokal prosjektgruppe i oppdrag å organisere konkret framdrift og gjennomføre aktivitetane. Framdriftsplanen må vurdere ressursbruk og informasjonsstrategi.*

### *Handsaming i formannskapet:*

### **Røysting:**

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

### *Tilråding frå Formannskapet - 02.12.2014 til kommunestyret:*

- 1. Volda kommunestyre sluttar seg til lokal prosess om kommunereforma slik det er skissert i saksutgreiinga.*

2. Volda kommunestyre gir lokal prosjektgruppe i oppdrag å organisere konkret framdrift og gjennomføre aktivitetane. Framdriftsplanen må vurdere ressursbruk og informasjonsstrategi.

#### **Administrasjonen si tilråding:**

1. Volda kommunestyre sluttar seg til lokal prosess om kommunereforma slik det er skissert i saksutgreiinga.
2. Volda kommunestyre gir lokal prosjektgruppe i oppdrag å organisere konkret framdrift og gjennomføre aktivitetane. Framdriftsplanen må vurdere ressursbruk og informasjonsstrategi.

#### **Vedleggsliste:**

#### **Uprenta saksvedlegg:**

- Fylkesmannen sitt forventingsbrev, dagsett 15.10.2014
- Sak om kommunereform i k-styret 28.08.2014
- Sak i k-styret 02.05.2013, Intensjonsavtale om interkommunalt samarbeid mellom kommunane Ørsta og Volda
- Møreforsking: Rapport nr. 17/11: *Fordelar og ulemper ved kommunesamanslåing av Volda og Ørsta kommunar* (handsama i kommunestyra 16.06.11/22.06.11)

#### **Samandrag av saka:**

Saka er ei førstemelding til kommunestyret om tankar kring gjennomføring av prosess i høve kommunereforma. Erfaringar frå andre kommunereformprosessar er at politikarane må eige prosjektet og ha eit aktivt engasjement for at ein skal lykkast.

#### **Saksopplysningar:**


Volda formannskap og Volda kommunestyre har handsama sak om kommunereform høvesvis 19.08.14 og 28.08.14. Den saka tek føre seg regjeringa sitt grunnlag og målsettingar for reforma, nasjonale og regionale framdriftsplanar, og tankar om lokal prosess.

Fylkesmannen har i sitt forventingsbrev til kommunane i Møre og Romsdal, dagsett 15.10.2014, oppmoda om at kvart kommunestyre gjer vedtak om på kva måte prosessen skal gjennomførast lokalt i eigen kommune, og at denne prosessen er samkøyrte med aktuelle nabokommunar for samanslåing slik at ein har nokre felles milepålar i dei kommunale

prosessplanane. Denne saka er ei orientering og konkretisering av lokal prosess, og tilsvar på Fylkesmannen sitt forventingsbrev. Saka byggjer på notat om prosess om kommunereform på Søre Sunnmøre, utarbeidd av administrasjonen i Ørsta og Volda til Rådmannsgruppa på Søre Sunnmøre, etter oppdrag.

### Framdriftsplan Møre og Romsdal

Arbeid med kommunereform er delt inn i tre fasar, som Fylkesmannen har illustrert slik:



### Framdriftsplan Volda kommune


Fylgjande moment er vurdert under lokal prosess:

- organisering,
- aktørar,
- aktivitetar,
- informasjonsstrategi, og
- ressursbruk for gjennomføring av prosess.

#### *Organisering*

Volda kommunestyre er prosjekteigar for lokal prosess. Forslag til prosjektgruppe består av ordførar, rådmann, representant frå dei tillitsvalde og lokal kontaktperson for kommunereformarbeidet. Interne og eksterne aktørar er ein del av organiseringa, og leverer innspel til prosessen. Det same vil ein såkalla "tenketanke" vere. Nærare om aktørane og kven som kan delta i prosessen er skildra under "Aktørar".

I Fylkesmannen sitt forventingsbrev er nabokommunar rådd til å samkøyre felles prosessplanar. For Volda og Ørsta sin del er det heilt naturleg at dette skjer gjennom den allereie etablerte styringsgruppa for interkommunalt samarbeid i Ørsta og Volda, jf. *Intensjonsavtale om interkommunalt samarbeid mellom kommunane Ørsta og Volda*, godkjent av Ørsta kommunestyre i K-sak PS 33/13 den 02.05.2013, og av Volda kommunestyre i K-sak PS 62/13 den 02.05.2013. Bruk av denne styringsgruppa utelukkar ikkje samarbeid med andre kommuner.



*Organisasjonskart kommunereform Volda kommune.*

### *Aktørar*

Frå regjeringa si side er det lagt opp til stor grad av medverknad og involvering i arbeid med kommunereforma. Fylkesmannen peikar særskilt på at det er viktig å involvere kommunepolitikarar, næringslivet og ulike grupper og organisasjonar i lokalsamfunnet, og ikkje minst ungdom.

Tabellen viser aktuelle aktørar og deltakarar ein meiner er viktige å involvere i prosessen lokalt:

Interne aktørar	Eksterne aktørar (= referansegruppe)	Interne og eksterne (= tenketank)
Sektorsjefar	Volda Næringsforum (forumet koordinerer/vel ut aktørar)	Repr. frå kommunen (k-styret, Ungdomsråd, Eldreråd, Råd for likestilling av funksjonshemma) (valt i dei respektive organ)
Fagforeiningar	Frivillig sektor (Frivilligsentralen koordinerer/vel ut aktørar)	Repr. for næringsliv (valt av Næringskontoret)
Partigruppene	Høgskulen i Volda	Repr. for frivillig sektor (valt av Frivilligsentralen)
Ungdomsråd		Grendelag
Råd for likestilling av funksjonshemma		
Eldreråd		

### *Aktivitetar*

Aktivitetar omfattar m.a. utgreiing og innhenting av kunnskap, og medverknads- og involveringsaktivitetar. Både desse aktivitetsformene ligg til fase 2 i Fylkesmannens framdriftsplan (2015).

Utgreiing og innhenting av kunnskap er alt i gangsett. Fylgjande relevante data og analyser ligg føre eller er i bestilling:

- Møreforskning: Rapport nr. 17/11: *Fordelar og ulemper ved kommunesamanslåing av Volda og Ørsta kommunar* (handsama i kommunestyra 16.6/22.6.11)
- *Innbyggerundersøkelse om ny kommunestruktur på Sunnmøre*. Rapport frå Sentio Research Norge, 2014. Utført på bestilling av Søre Sunnmøre regionråd
- Utfordringsnotat for kommunane på Søre Sunnmøre. Skal gje kunnskap om innhald og konsekvensar av kommunereforma, og inneheld m.a. analyse av den einskilde kommune sine utfordringar knytt til reforma. Utarbeidd av BDO Advisory. Venta levering i løpet av november 2014.
- Sluttrapport til regjeringa frå Ekspertutvalget, offentleggjerast 01.12.2014
- Mal for spørjeundersøking blant innbyggjarar om kommunereforma, frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Venta levering hausten 2014

Sentrale datasett og grunnlagsmateriale for drøftingar er såleis ikkje på plass enno. Ein har derfor frå administrasjonen si side ikkje funne det hensiktsmessig å detaljplanlegge datoar for møtet og ev. innhenting av utfyllande kunnskap. Det er også ønskjeleg at politisk nivå deltek i nærare avklaring av dette, då dette er eit politisk initiert prosjekt. Folkemøte, temamøte, spørjeundersøkingar mm vil vere viktige aktivitetar for å involvere aktørane/befolkninga. Likeeins å bruke eksisterande møteplassar/forum til desse møta, og å nytte veileigna metodar for meiningsutveksling, t.d. Open Space-metoden.

#### *Informasjonsstrategi*

I Fylkesmannens forventingsbrev er informasjonsstrategi, intern og ekstern, løfta fram som eit moment framdriftsplanen bør innehalde. Viktige informasjonskanalar vil vere;

- Kommunen si heimeside, [www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)
- Sosiale medier (Facebook, event. også eigen blogg)
- Lokalaviser

Det vil vere viktig å legge til rette for informasjon som ”treff” ulike målgrupper, likeeins oppdatert informasjon om prosessen.

#### *Gjennomføring av prosess*

Arbeidet med lokal prosess vil kunne vere ressurskrevjande, økonomisk og personalmessig, alt etter kor ambisiøst dette vert lagt opp. Kommunen får i tilskot kr. 100 000 frå Kommunaldepartementet til gjennomføring av innbyggjarundersøking og skjønsmidlar kr. 200 000 frå Fylkesmannen til arbeidet med kommunereformprosessen.

Planlegging og gjennomføring av lokal prosess, inklusive intern og ekstern informasjon, er også eit spørsmål om ressursbruk og tilgjengeleg kompetanse lokalt. Om ein legg opp til å bruke interne ressursar vil dette kunne gå ut over andre presserande dagleg oppgåver.

#### *Milepålar*

Lokal prosess skal fylgje nasjonal prosess, og framdriftsplan slik den er konkretisert av Fylkesmannen. I tråd med dette bør ein ta mål av seg til å gjennomføre 1-2 møte med aktørane i løpet av våren 2015, og tilsvarende for hausten 2015. Likeeins bør ein legge opp til at kommunereform er tema på minst to kommunestyremøte i halvåret i 2015 og 2016.

Faste milepålar å halde seg til er:

- 31.12.2014, frist for den enkelte kommune til å sende vedtak til Fylkesmannen, om korleis og kva tiltak kommunen legg opp til i lokal prosess (denne saka)
- 01.07.2015, rapporteringsfrist (statusrapport frå den enkelte kommune) til Fylkesmannen
- 01.07.2016, frist for den enkelte kommune til å sende "samanslåingsvedtak" til Fylkesmannen

### **Vurdering og konklusjon:**

Lokal prosess med kommunereform skal fylgje nasjonal prosess, og framdriftsplan slik den er konkretisert av Fylkesmannen. Arbeidet med lokal prosess vil kunne vere ressurskrevjande, økonomisk og personalmessig, alt etter ambisjonsnivået. Planlegging og gjennomføring av lokal prosess, inklusive intern og ekstern informasjon, er også eit spørsmål om ressursbruk og tilgjengeleg kompetanse lokalt. Om ein legg opp til å bruke interne ressursar vil dette kunne gå ut over andre oppgåver.

Rådmannen rår til følgjande aktivitetar i perioden 1. januar – 1. juli 2015:

Januar – mars:	Folkemøte
Januar – juni:	Møte med interne og eksterne samarbeidsaktørar og tenketank
Juni:	Sak for kommunestyret med status for arbeidet, utfordringar/moglegheitsbilde og framdrift vidare

Tidfesting, nærare dato og praktisk opplegg for aktivitetane vert å avklare av prosjektgruppa.

Informasjonsstrategi og intern ressursbruk må vurderast som del av framdriftsplanen.

Rune Sjurgard  
Rådmann

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Volda ungdomsråd  
Volda Næringsforum  
Volda Frivilligsentral  
Grendelaga  
Arbeidstakarorganisasjonane v/ hovudtillitsvalde  
Hovudverneombodet  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
KS Møre og Romsdal  
Sunnmøre Regionråd  
Hareid kommune

Herøy kommune  
Sande kommune  
Ulstein kommune  
Vanylven kommune  
Ørsta kommune  
Eid kommune  
Stryn kommune  
Hornindal kommune  
Møre og Romsdal fylkeskommune